



Høgskulen
på Vestlandet

SAK - 5/25

Tidslinje for vurdering av medverknad i HVL og
styringsmodell i fakulteta

Rektor Gunnar Yttri
Innleiing styremøte
6.februar 2025

Vedtak sak 58/24 pkt 3

(eiga utheving)

*Styret ber rektor **vidareutvikle den gjeldande styringsmodellen i fakulteta**, og dei formaliserte ordningane for medverknad og medråderett. Styret ber samstundes rektor om å snarleg komme tilbake til høgskulestyret med **prosess for utgreiing** av tydelege valbare alternative modeller av fakultetsstyre versus fakultetsråd.*

Tilhøve som påvirkar ei tidslinje

1. Prosess for vurdering av universitetssøknad
2. Prosess for revidering av kvalitetssystem
3. Tidspunkt for ny periode for høgskule(universitets)styre

Vidareutvikling av gjeldande styringsmodell og formaliserte ordningar for medverknad og medråderett

- Gjort ei vurdering av råd og utval på institusjonsnivå, og fakulteta gjer ei tilsvarende vurdering vårsemesteret 2025. Rolle og ansvarsfordeling mellom utval på institusjons- og fakultetsnivå inngår i desse vurderingane.
- Vidare arbeid med å gjere kjent og utvikle vidare råd og utval som del av vårt medverknads- og styringssystem
- Følgje opp tilpassingsavtalen i HVL, som er sentral i å utvikla medverknad og medråderett

FORSLAG TIL TIDSLINJE

Vår 2025	- Eigenvurdering av kvalitetssystemet blir gjennomført og sendt til NOKUT i mai - NOKUT startar opp prosess knytt til universitetsakkreditering i april - Vurderingar, og eventuelt gjennomføring, av endringar i råd/utvalsstrukturen på fakultets- og institusjonsnivå
Haust 2025	- Arbeid knytt til NOKUT sin prosess med revidering av kvalitetssystemet - Arbeid knytt til NOKUT sin prosess med universitetsakkreditering - Vidareutvikle dagens struktur med medverknad og medråderett (vil også foregå i semestera frametter)
Vår 2026	- NOKUT-rapport og styrebehandling av kvalitetssystemet i NOKUT sitt styre er planlagt til april - Arbeid knytt til NOKUT sin prosess for universitetsakkreditering, inkludert NOKUT-rapport. Mogleg styrebehandling i NOKUT i juni. - Etablere ei arbeidsgruppe som utgreier medverknad og styringsmodell i fakulteta og initierer involvering frå tilsette og studentar
Haust 2026	- Styrebehandling av universitetsakkreditering i NOKUT, tidleg haust - Styrebehandling (to møter) av styringsmodell i fakulteta – sak med innstilling til vedtak frå rektor i november

Dersom vedtak om å innføre fakultetsstyre:

Vår 2027	Vedtak av endringar i myndigheitstilhøve i organisasjonen og gjennomføring av val til styra
Haust 2027	Nye styreperiodar startar – eventuelle nye styringsstrukturar er klar for iverksetting

